

# MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Personal og økonomiutvalet  
**Møtestad:** kommunehuset  
**Møtedato:** 31.01.05 **Tid:** 15.00 – 19.30

---

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 5 medlemmer møtte 5 inkl. varamenn:

**Desse medlemene møtte ikkje:**  
John Magne Bogevik

**I staden møtte:**  
Magda Haugen

**Andre som var tilstade på møtet:** Adm.sjef Ramsli og ass.adm.sjef Våge  
Avd. ing. Jon Inge Sandvik møtte under handsaming av sak 1.

Tilsette i pleie- og omsorgseininga Reidun Nydal og Ole Jakob Sørensen informerte om rapproteringsystemet for tenestene – IPLOS – som skal vera innført innan 01.01.06.

## **Merknader:**

Helge Reistad vart samrøystes funnen ugild og gjekk ifrå under handsaminga av sak 02/05. Olaug Øystese var med under handsaminga av sakene 02/05, 06/05- 09/05. Elin Liøen fekk permisjon kl 17.00. Ho var ikkje med under handsaming av sak 06/05-09/05 og i drøftingane av ein del utsendte notat.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 2. februar 2005

**GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:**

Innkalling og sakliste vart godkjent med fire tilleggssaker.

**GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:**

Protokollen vart godkjent.

**UTVALET SITT KVARTER:**

**Magda Haugen** stilte spørsmål om breiband til innbyggjarane i Samnanger. Ikkje alle kan få dette pga av BKK ikkje vil skifte ut for gamle kablar. Adm.sjefen undersøker status for utbygging av breiband.

**Helge Reistad** stilte spørsmål om kor mykje av "skulelåna" som kan disponerast til vedlikehald. Adm.sjefen orienterte om prosessen med låneopptak til bassenget og prioritering av vedlikehald på ungdomsskulen. Det er fortsatt noko uvisse i høve til kostnaden med basseng og momsrefusjon. Administrasjonen legg til grunn at bassenget skal prioriterast først, og fullstendig plan over resterande tiltak kjem først på plass når dette er kjend. Utsifting av lys i gym.salane på Nordbygda og på ungdomsskulen vil verta starta opp snarast.

**Bright Olav Gåsdaal** meinte at pipa på Safa ikkje måtte rivast. Han oppfordra ordføraren til å engasjera seg i saka. Adm.sjefen orienterte om det administrative vedtaket og drøftinga i naturutvalet.

**MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:**

Beredskapsøving i Samnanger kommune frå 7.-18 feb.

Næringsforum – frokostmøte

Politireform – samarbeid og felles lensmannsteneste med Kvam. Lensmannen er innbydd til møte i kommunestyret i mars.

Informasjon vedk. rassikring/-vedlikehald på Liavegen.

Ambulansen –møte med Helse Bergen 15 feb.

Rettsak på Tysseland – kårbusaka.

Kommunestrukturdebatt der me må fatta vedtak i marsmøtet. Folkemøte vil verta arrangert før møtet i kommunestyret.

Fylkesplanen 2005-08. Høyringsnotat frå arbeidsgruppa. PØ sluttar seg til uttalen.

Internt Notat unnateke off. jfr. Off.lova § 6 Prisar på tomter i Lønnebakken med særleg fokus på fleirbustadhus. Utvalet sluttar seg til prinsippa i notatet.

Internt notat vedk. strateginotat om gjennomgang av kommuneorganisasjonen.

Administrasjonen lagar ei sak til førstkomande kommunestyremøte.

Desse sakene vart handsama:

## SAKSLISTE

<b>Utvalgssakstype/nr.</b>	<b>Arkivsaksnr. Tittel</b>
0001/05	01/00590 <b>TILKOPLING VATN OG AVLAUP GNR.2 BNR.45 KLAGE PÅ AVSLAG OM REFUSJON FOR EKSTRAUTGIFTER</b>
0002/05	04/00458 <b>TOLKING AV AVTALE OM VATN OG KLOAKKAVGIFT</b>
0003/05	04/00044 <b>KLAGE PÅ VEDTAK OM INNLØYSING AV VERDIBREV</b>
0004/05	05/00027 <b>Unnateke off. innsyn §6</b> <b>TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET TIL OPPSTART AV BEDRIFT - YOTTA.</b>
0005/05	05/00030 <b>KS HORDALAND SIN STRATEGIKONFERANSE 2005</b>
0006/05	04/00437 <b>PERMISJON KOMMUNALE VERV</b>
0007/05	05/00038 <b>GODTGJERSLE TIL POLITIKARAR 2005.</b>
0008/05	03/00379 <b>NY LEGBUSTAD - TILLEGGSFINANSIERING</b>
0009/05	05/00039 <b>OPPRUSTING SOLLI HAGAMULEN.</b>

0001/05

**TILKOPLING VATN OG AVLAUP GNR.2 BNR.45  
KLAGE PÅ AVSLAG OM REFUSJON FOR EKSTRAUTGIFTER**

**Handsaming i møte:**

**Avd. ing. John Inge Sandvik** var til stades og orienterte om saksgangen.

**Bright Olav Gåsdal** sette fram slikt framlegg:

Utval for Personal- og økonomi kan ikkje sjå at klagaren har dokumentert meirutgifter ved å endra staden for tilkopling av vatn og avlaup. Klagaren får ikkje medhald i klagen og må betala tilknytningsavgift i samsvar med regulativet.

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegget.

**Vedtak:**

Utval for Personal- og økonomi kan ikkje sjå at klagaren har dokumentert meirutgifter ved å endra staden for tilkopling av vatn og avlaup. Klagaren får ikkje medhald i klagen og må betala tilknytningsavgift i samsvar med regulativet.

0002/05

**TOLKING AV AVTALE OM VATN OG KLOAKKAVGIFT**

**Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune hevdar å ha oppfylt avtalen av 05.11.1954, og det skal betalast vatn og kloakkavgift for denne eigedommen etter gjeldande takstar. Ein kan ikkje sjå at avtalen gjev grunnlag for fritak for årlege vatn og kloakkavgifter.

**Handsaming i møte:**

**Helge Reistad** bad utvalet vurdere om han er ugild i saka. Han vart samrøystes funnen ugild og gjekk ifrå. Olaug Øystese gjekk inn staden.

**Bright Olav Gåsdal** sette fram følgjende framlegg: Samnanger kommune hevdar å ha oppfylt avtala av 5.11.1954. Eigar av gr.nr 27 b.nr 26 skal betala årsavgift for vatn og avlaup i samsvar med regulativet. Vassavgift vert å krevja inn f.o.m 01.01.2005.”

Det vart røysta alternativ over framlegget frå administrasjonssjefen og Gåsdal.

Gåsdal sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Samnanger kommune hevdar å ha oppfylt avtala av 5.11.1954. Eigar av gr.nr 27 b.nr 26 skal betala årsavgift for vatn og avlaup i samsvar med regulativet. Vassavgift vert å krevja inn f.o.m 01.01.2005.

0003/05

**KLAGE PÅ VEDTAK OM INNØYSING AV VERDIBREV****Handsaming i møte:**

Utvalet meinte at administrasjonssjefen sitt vedtak var i tråd med dei retningslinene som er gitt. Det å inngå avtale om kjøp av ny bustad før bustaden var klar for overlevering var nytt i Samnanger kommune. I og med at bustadkjøparane vert involvert i byggeriet lenge før formell overtaking med både eigeninnsats og innkjøp til huset, vil utvalet at det skal vera høve til å få løyst inn verdibrevet før dei står som formell eigar av egedomen. Det skal likevel takast atterhald om tilbakebetaling av tilskotet dersom kjøpet ikkje vert gjennomført slik føreset.

**Vedtak:**

Samnanger kommune legg opp til at verdibrev kan løysast inn ved inngåing av kjøpekontrakt for bustad som er under oppføring. Det skal stillast krav om tilbakebetaling av tilskotet dersom ikkje avtalen vert slutført med overdraging av egedomen.

Klagen frå Johnny Atle Solberg vert imøtekomen under dei ovannemnde føresetnader.

0004/05 Unnateke off. innsyn §6

**TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET TIL OPPSTART AV BEDRIFT - YOTTA.****Handsaming i møte:**

I møtet vart det lagt fram informasjon frå søkjaren om dei investeringar han har gjort.

**Magda Haugen** sette fram slikt framlegg:

Samnanger kommune yter eit tilskot til firmaet Yotta på kr 10.000 til delfinansiering av investeringar som er føreteke i samband med oppstart av verksemd. Utgiftene skal førast på konto nr. 1.1400.3251.4700.

Framlegget frå Magda Haugen vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Samnanger kommune yter eit tilskot til firmaet Yotta på kr 10.000 til delfinansiering av investeringar som er føreteke i samband med oppstart av verksemd. Utgiftene skal førast på konto nr. 1.1400.3251.4700.

0005/05

**KS HORDALAND SIN STRATEGIKONFERANSE 2005****Framlegg til vedtak::**

Saka vert lagt fram utan tilråding frå administrasjonssjefen.

**Handsaming i møte:**

Strateginotatet vart gjennomgått og drøfta. På bakgrunn av desse drøftingane fekk ordførar fullmakt til å utforma ein uttale.

**Vedtak:**

Ordførar fekk fullmakt til å utforma ein uttale frå Samnanger kommune basert på drøftingane i møtet.

0006/05

**PERMISJON KOMMUNALE VERV****Framlegg til vedtak::**

Jon Magne Bogevik får permisjon frå vervet som varaordførar i perioden 31.01.05 – 01.06.05.

**Handsaming i møte:**

Saka vert handsama med endeleg vedtak i PØ etter hasteparagrafen i KommuneLOVA § 13.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

I møtet sette ordføraren fram framlegg om at Brigte Olav Gåsdal vart vald til varaordførar for den same perioden. Framlegget vart samrøystes vedteke.

**Vedtaket:**

Jon Magne Bogevik får permisjon frå vervet som varaordførar i perioden 31.01.05 – 01.06.05. Brigte Olav Gåsdal vert konstituert som varaordførar i same periode.

Vedtaket er gjort med heimel i hasteparagrafen i KL § 13.

0007/05

**GODTGJERSLE TIL POLITIKARAR 2005.****Handsaming i møte:**

Fellesframlegg:” Den faste møtgodtgjersla for leiar i kontrollutvalet vert auka frå 01.01.05 til kr. 5.000,- pr.år.”

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**Vedtaket:**

Den faste møtgodtgjersla for leiar i kontrollutvalet vert auka frå 01.01.05 til kr. 5.000,- pr.år.

0008/05

**NY LEGBUSTAD - TILLEGGSFINANSIERING****Framlegg til vedtak::**

Meirutgiftene til ny legebustad kr 56.000 vert finansiert ved bruk av ubunde kapitalfond.

**Handsaming i møte:**

Samrøystes vedteke. Vedtaket vert gjort med heimel i kommunelova § 13.

**Vedtaket:**

Meirutgiftene til ny legebustad kr 56.000 vert finansiert ved bruk av ubunde kapitalfond.

Vedtaket vert gjort med heimel i kommunelova § 13.

0009/05

**OPPRUSTING SOLLI HAGAMULEN.**

**Framlegg til vedtak::**

Løyvinga til opp-pussing/rehabilitering av Solli, Hagamulen vert auka med kr 125.000 til 725.000. Utgiftene vert finansiert med opptak av eksternt lån.

**Handsaming i møte:**

Samrøystes vedteke. Kommunestyret fattar endeleg vedtak i saka.

**Vedtak:**

Kommunestyret fattar endeleg vedtak i saka.